

Sikkerheitspolitiske situasjonen;

«*Det som er sikkert er at mykje er usikkert*»

Internasjonal rettsorden blir utfordra, demokratiet er på retur i deler av verden og rustningskontroll er svekka. Tillitssamfunnet er under press. Makt med agenda om å splitte, skape uro og frykt.

Beredskap- kva ansvar og utfordringar har kommunane?

Norsk lov slår fast at kommunane har eit viktig sektoverordna beredskapsansvar:

- **Planverk** for beredskap og krisehandtering basert på ROS
- Beredskapsarbeidet er basert på prinsippa om **ansvar, likheit, nærheit og samvirke**.
- Kommunane sine primæroppgåver i **totalforsvaret** er å oppretthalde kommunale ansvarsoppgåver og kritiske samfunnsfunksjonar- som veginfrastruktur, vassforsyning og avløp, sosiale tenester, helsetenester og brann- og redningstenester. Så snart som mogleg attende til normalsituasjonen.
- Kommunen **skal yte lovpålagte tenester** til alle som oppheld seg i kommunen til ein kvar tid.
- I krig eller fare for krig kan kommunane bli pålagt evakuering, ivareta og busette evakuerte internt i kommunen **eller frå andre deler av landet**.
- Kommunen kan bli pliktig til å **avgje personell** til forsvaret i krigssituasjon

Kommunale beredskapsplanar er basert på innsats i **fredstid**.

I krig eller sikkerheitspolitisk krise, vil kommunes beredskapsprinsipp og ansvar ligge fast på same måte som i fredstid, sjølv om utfordringane vil kunne vere noko heilt anna.

Beredskap i Gol kommune

- **Kommunal ROS**
- **Overordna kommunal beredskapsplan basert på kommune-ROS**
 - Varslingsliste
 - Kommunikasjonsplan
 - Evakueringsplan
 - Ressursar
- **Kommunal kriseleiing med fullmakter**
- **Beredskapsråd**
 - Kommunale, statlege og eksterne aktørar (bedrifter/organisasjonar)
- **Øving og hendingar med evaluering**
- **Statsforvaltar- tilsyn beredskap 2025**

Beredskap

- Brann og redningstenesta (HBR iks)
- Avtaler med private og frivillige organisasjonar
- Regionalt samarbeid- regional ROS
- Fast oppmøteplass ved utfall av Ekom (mobilnett)
- Tilfluktsrom- private og offentlege (Sivilforsvaret)
- EPS, evakuerings- og pårørandesenter
- Eigenberedskap- klare oss ei veke på eigen hand
- Totalberedskapsåret 2026

Beredskap

Spørsmål?

Takk for merksemda.